

**Fylkesordføraren gir slikt svar:**

1. *Korleis kan fylkeskommunen, i tråd med Vestland sine mål, krevje nullutslepp av avfallsressursane til sjøen og nullutslepp av klimagassar (eller i det minste, ein reduksjon av denne), i handsaming av akvakultursaker, til dømes i samband med vurderingane av verknaden for miljø og samfunn og av konsekvensane for miljøet og naturmangfaldet i ei samla sluttvurdering og endeleg vedtak?*

Fylkeskommunen/VLFK har eit klart regionalt utviklingsansvar, og det er som utviklingsaktør måla om nullutslepp av avfallsressursar og nullutslepp av klimagassar ligg. VLFK arbeider innanfor fleire satsingar for å nå desse måla, og det er gjeve støtte til fleire tiltak.

Innanfor sjøområde kan nemnast den nyleg vedtekne marine satsinga for 2020-2030, sjå FUV PS 228/2020. Der det i eit av vedtaka mellom anna heiter: «*På sikt er målet full utnytting av avfallsressursane, null rømming, reduksjon i lakselus og auka bruk av berekraftig fôr.*»

I møte i hovudutval for næring 15.10.2020 var det frå administrasjonen gjeve ei innføring i fylkeskommunen sine oppgåver etter akvakulturregelverket. Det vart mellom anna vist til at akvakultursøknader skal handsamast etter konkrete forskrifter, der konklusjonane skal følgje av faglege vurderingar. Der fylkeskommunen har vedtaksmynne etter forskriftene er sakfeltet sterkt regulert og det er svært lite rom for politiske skjønn. Politikken på området må utformast i samband med overordna planlegging. Når ein kjem til dei konkrete løysesakene m.v. er politikken alt lagt i tidlegare vedtekne planar, og fylkesordføraren ser sakene som kurante og ikkje prinsipielle når det kjem til dei individuelle søknadene.

Etter fylkesordføraren sitt syn legg spørsmåla frå MDG opptil at VLFK blandar forvaltarrolla etter akvakulturlova og rolla som utviklingsaktør, noko som vil vera mindre heldig.

2. *Vil fylkesordføraren be om ei sak med eit forslag til eit heimelsdokument frå fylkestinget med politisk vedtekne retningslinjer for handsaming av akvakultursøknader som tek utgangspunkt i Vestland fylke sine mål om nullutslepp til sjøen og lufta?»*

Ei slik sak som MDG ønskjer krev etter fylkesordføraren sitt syn endringar i regelverket for tildeling av akvakulturløyve. Dersom Nærings- og fiskeridepartementet meiner at det bør innførast politisk vedtekne retningslinjer for handsaming av akvakultursøknader som tek utgangspunkt i fylket sine mål om nullutslepp til sjøen og lufta er det dei som sit med moglegheit til å endre regelverket. VLFK vil sjølv sagt bidra med innspel til eventuelle regelverksendringar.